

Samarbeidsavtale om Idrettscampus Bergen 2017-18

Innleiing

Idrettscampus Bergen er eit samarbeid mellom Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, Sportsklubben Brann, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Haukeland universitetssjukehus, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

Gjennom Idrettscampus Bergen ønskjer aktørane å samarbeide tettare og meir koordinert for å realisere potensielle synergieffektar og bygge opp om felles mål innan aktuelle områder.

Siktemålet med samarbeidsavtalen er å etablere Idrettscampus Bergen, og utvikle campusen og samarbeidet dei neste to åra. Alle aktørane har samtidig eit langsiktig perspektiv for utviklinga av Idrettscampus Bergen, som strekk seg ut over denne avtaleperioden.

Hovudmål for Idrettscampus Bergen

Hovudmålet for prosjektet er å styrkje arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Hordaland gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og – formidling.

Saman skal aktørane skape eit kraftsenter for idretten i breidde og topp, og for fysisk aktivitet i alle aldersgrupper. Det skal mellom anna leggjast til rette for uformell og formell erfaringsutveksling, å fremje ny kompetanse, optimal bruk av spesialisert utstyr og praktisering av aktivitet for ulike grupper.

Det er utarbeida ein moglegheitsstudie og strategi som grunnlag for etableringa og utviklinga av Idrettscampus Bergen.

Avtaleperiode

Samarbeidsavtalen gjeld for 2017 og 2018.

Aktørar

Det er lagt til grunn at aktørane er med gjennom heile avtaleperioden. Styringsgruppa kan bestemme om nye hovudaktørar skal takast inn i samarbeidet.

Lokalisering

Idrettscampus Bergen skal ha hovudkontor i Idrettens hus. Dagleg leiar skal ha moglegheit til å jobbe hjå dei ulike aktørane i periodar.

Organisasjonsform

Idrettscampus Bergen er eit avtalebasert prosjektsamarbeid. Det er ikkje lagt opp til at Idrettscampus Bergen skal vere ei sjølvstendig juridisk eining i avtaleperioden.

Idrettscampus Bergen skal ha ei styringsgruppe, der kvar av aktør har éin representant. Representanten frå Hordaland fylkeskommune er leiar for styringsgruppa og representanten frå Bergen kommune nestleiar.

Styringsgruppa tilsett dagleg leiar og bestemmer prosjektorganiseringa, budsjett, planar og strategi.

Dagleg leiar skal drive prosjektet og gjennomføre vedtekne tiltak. Rapporterer til styringsgruppa.

Arbeidsgruppa, der kvar av aktørane er representert, føl opp prosjekt, rådgjer og støttar dagleg leiar og rapporterer til eigen organisasjon.

Ressursgrupper vert etablert i høve til utvikling og gjennomføring av dei ulike delprosjekta. Deltagarar frå aktørane og eventuelt eksterne ressursar.



Forplikingar

Ein føreset at alle aktørane stiller kompetanse og ressursar til råde for å realisere planane styringsgruppa er einige om.

Styringsgruppa kan ikkje forplikte den einkilde aktøren til å bidra, verken økonomisk eller på andre måtar, utan at aktøren sjølv er eining i dette.

Samarbeidsavtalen er ikkje eit juridisk bindande dokument, men ein føreset at aktørane føl opp intensjonane i avtalen. Styringsgruppa kan bestemme om avtalen skal reviderast før avtaleperioden er utgådd.

Bergen, 2. februar 2017

Hordaland idrettskrets

Universitetet i Bergen

Høgskulen på Vestlandet

Haukeland universitetssjukehus

Bergen kommune

Hordaland fylkeskommune

Olympiatoppen Vest

Sportsklubben Brann



BERGEN
KOMMUNE

